

Gulen & Masfjorden Utvikling


ÅRSMELDING 2022

Gulen og Masfjorden Utvikling as er lokalisert i Gulen kommune, og har som føremål å medverke til næringsutvikling og lønsame arbeidsplassar i Gulen og Masfjorden kommunar.



INNHALD

Årsmelding 2022.....	1
Dagleg leiar sin rapport	3
Styret si årsmelding for 2022.	9



Frå opninga av Hywind Tampen, kontrollrom Equinor, Sandsli.



DAGLEG LEIAR SIN RAPPORT

Til aksjonærane

Eigedelar per 31.12.2022

Eigar	Eigardel i prosent
Vestland fylke	34,49
SIVA	24,79
Gulen kommune	21,55
Masfjorden kommune	21,54

STRATEGISKE HOVUDPUNKT:

GMU sitt føremål, forretningsplan og samarbeidsplattform med kommunane har danna grunnlag for arbeidsplanen som GMU har organisert verksemda si etter i 2022. Gjennom 2022 har ein også jobba med ny strategiplan vedteken i styremøte 14.12.22.

Generelt om lokalt næringsliv:

Ved inngangen til 2022 var samfunn og næringsliv framleis prega av pandemirestriksjonar, men likevel optimistiske der ein augna ein pandemi på retur, samstundes som stor aktivitet i næringslivet, låge renter og skattepakkar bidrog til høg fart i næringslivet.

Generelt kan ein seie at lokalt næringsliv klarte seg godt gjennom pandemien, men stor usikkerheit knytt til makroøkonomiske trendar medfører at optimismen frå inngangen til 2022 var langt lågare ved inngangen til 2023. Krigen i Ukraina, høge straumprisar og andre makroøkonomiske faktorar som bl.a. ein stram arbeidsmarknad og høg prisvekst med påfølgande auka rente har gjeve næringslivet vårt store utfordringar gjennom 2022.

Arbeidskraft er eit knappheitsgode slik arbeidsmarknaden er i dag, og bidreg til å oppretthalde stort press i innanlandsøkonomien. Det er vanskeleg å rekruttere til lokale stillingar, folk blir i kortare tid i stillingane, og for å halde på folk aukar lønningane, noko som skaper lokalt press i marknaden. Dersom ein skal kunne realisere framtidige prosjekt i t.d. Hub Fensfjorden, ref. Grøn Region Vestland, er ein avhengig av å kunne rekruttere folk med rett kompetanse, men også for å oppretthalde og utvikle eksisterande driftsorganisasjonar trengst det folk som kan drifte og produsere.

Fleire verksemder har lagt ned gjennom 2022, det er ikkje nødvendigvis éi spesifikk årsak til dette, men heller summen av faktorar som straum, pandemiår og generell kostnadsauke som medfører at det blir tungt å halde drifta oppe. Ein vel difor å gi seg i kontrollerte former heller enn å vente på ein konkurs.



DRIFTSMESSIGE HOVUDPUNKT

Rådgeving

Der 2021 i stor grad var prega av rein søknadshjelp til ulike støtteordningar i samband med pandemien, er det gledeleg å sjå at ein i 2022 tilbake til normalen der rådgeving i samband med etablering eller utvikling herunder søknadshjelp, er den enkeltoppgåva som det går mest tid til i GMU.

Det er framleis eit mål å auke tal nyetableringar, og gjennom siste halvdel av 2022 har ein starta opp att med aktivitetar som temasamlingar og nettverksmøter der etablering, støtteordningar og rådgeving er tema.

Gulen og Masfjorden	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Samla
Tal henvendingar	21	19	28	23	27	28	18	24	188
Tal rettleiing	18	18	15	11	21	14	11	19	127
Tal søknadsstøtte	9	10	14	13	14	12	11	11	94
Tal etableringshjelp	3	7	5	4	3	6	4	6	38

Henvendingane fordeler seg over heile GM-regionen. Søknader gjeld i all hovudsak Masfjorden kommune sitt kraftfond og Gulen kommune sitt næringsfond, med eit enkeltunntakt for Innovasjon Norge. Midlar utløyst i 2022 utgjer kr. 2 665 672,-.

Støtte frå kommunale næringsfond (Gulen) og Kraftfond (Masfjorden) er svært viktige for lokale gründerar og mindre bedrifter. Nålauget for å nå gjennom med søknader til verkemiddel som t.d. Innovasjon Norge og andre nasjonale støtteordningar er nokså trangt for bedrifter som ikkje kan seiast å ha særskilt vekstpotensiale eller har mål om internasjonalisering. Næringsfond blir såleis ein viktig faktor for dei mange etableringane som skaper nye tilbod og auka verdiskaping lokalt, men som ikkje stettar vilkåra til Innovasjon Norge.

Det er etablert gode digitale løysingar for dei som ynskjer kursing knytt til gründerkap, bl.a. regi av Vestland fylke og som er gratis for brukarane. Erfaringa er likevel at gründerane ynskjer å møte ein fysisk person og kunne diskutere «over bordet» i oppstartsfasen trass i eit godt digitalt tilbod.

Tiltak for å stimulere til auka gründerinteresse.

Etter att pandemiltaka vart avslutta har ein så langt som råd forsøkt å få på plass att tidlegare faste arrangement som nettverkssamlingar, tema/fagsamlingar, frukostmøter, bedriftsbesøk mm. og det er svært kjekt å sjå den gode oppslutninga som har vore rundt desse. Arrangement blir i stor grad gjennomført i samarbeid med andre aktørar som t.d. kommunane, Klar Bedrift, NAV ol.

Glimt frå temasamling landbruk/tilleggsnæring i Sløvåg 15.11.22



Om lag 25 bønder frå Gulen og Masfjorden deltok på samlinga.

Føredrag ved May – Britt Otterlei, Innovasjon Norge

Profilering:

GMU arbeider med å profilere næringsliv og kommunar både utover kommunegrensene og internt i kommunane etter målsetjinga om å vere ein attraktiv vekstregion for næringsaktørar, deira arbeidstakarar og familiar.

Som ein del av dette arbeidet arrangerer GMU i samarbeid med NAV ei årleg jobb -og utdanningsmesse. Målsetjinga er at ungdomsskuleelevar i Gulen og Masfjorden skal ha god kunnskap om kva jobbmoglegheiter som finst i kommunane våre når dei skal velje utdanning og er difor særskilt invitert. Responsen frå næringslivet var som alltid svært god med fullteikna areal. Om lag 150 ungdommar, jobbsøkjjarar og andre møtte opp for å få med seg informasjon om kva kompetanse lokale verksemdar ser behov for i åra framover, etablere kontaktnett og lære meir om lokalt næringsliv. Bedriftene melder i etterkant frå om søknader, (3) og ei potensiell tilsetjing. Like viktig er truleg tilbakemeldingane om at dette også blir sett som ein viktig arena for å møte andre bedrifter og knyte kontaktar. Ein ekstra bonus kom ved lokalavisene som alle tok turen og i etterkant leverte fine reportasjar frå messa.



Messa er ikkje obligatorisk for ungdomsskulelevane noko ein merka effekten av dette året då den lokale messa var sist ut av ei rekkje liknande arrangement, og noko også næringslivet kommenterer. Dei ser det som ynskjeleg at skulane gjer deltaking obligatorisk, - næringslivet ynskjer å snakke med ungdommen og tiltrekke seg ny kompetanse samstundes som det er viktig at ungdommen kjenner til jobbmoglegheitene heime.

Glimt frå jobb-og utdanningsmessa 2022:



Nettverk:

GMU arbeider aktivt for å tiltrekke seg nye og større næringslivsaktørar til regionen. Kjennskap til nettverk, ressurspersonar og utviklingsmiljø/utdanningsmiljø er såleis viktig både av omsyn til utviklingsarbeid og profilering. Dette arbeidet krev at ein deltek på relevante næringslivsmesser, konferansar og nettverksamlingar der målet er å vise fram og informere om næringsliv i regionen, samt knyte kontaktar.

Næringsorganisasjonane i regionen er kvar for seg relativt små, samarbeid er difor avgjerande for å få løfta lokale problemstillingar opp på dagsorden hos styrande myndigheiter. Siste året har ein jobba med å løfte behovet for straumstøtte til næringslivet, (manglande) ferjeavgangar, grunnrenteskatt for havbruksnæringa og kraftsituasjonen.

Ved formidling av nyhende, profilering av lokalt næringsliv og anna informasjon, nyttar ein i all hovudsak FB i tillegg til direkte kontakt, (e-post). SoMe er ein effektiv og billig kanal mot. synlegheit, og rekkevidda er god. Ved større arrangement vel ein å betale for annonsar for å kunne segmentere på bestemte målgrupper og geografisk tilhøyrgheit.

FRAMTIDSUTSIKTER OG UTVIKLINGSPERSPEKTIV

GMU har eit godt samarbeid med kommunane og blir jamleg invitert med i utval eller til å komme med høyringsinnspel. GMU opplever at ein blir involvert i relevant utviklingsarbeid lokalt, og sit bl.a. i prosjektleiargruppa som utformar ny samfunnsplan for Gulen kommune. Denne typen arbeid tek ein del tid, men er viktig då kommunane sine målsetjingar for næringsarbeid i samfunnsplanen bør henge saman med GMU sine strategiske prioriteringar som kommunane sitt næringsapparat. GMU har også delteke i arbeidsgruppe nedsett av regionrådet i Nordhordland med føremål om å etablere ein felles næringsstrategi for regionen vedteken i regionrådsmøte 03.06.22.

I 2021 fekk forskningsprosjektet PRE-DEKOR støtte frå Regionalt forskingsfond, RFF Vestland til eit forprosjekt initiert av UiB ved Energiomstilling Vest og NHH der målet er å *«å forstå kva for mogelegheiter og avgrensingar reguleringar, jus, og kontraktsmessige strukturar gir for å utvikle nye og innovative og sirkulære idèar, samt byggje opp nye industrielle framgangsmåtar/produksjonsmetodar knytt til dekomisjonering.* GMU deltek som offentleg aktør og som koplingsaktør til bedrifter med planlagt dekomisjoneringsaktivitet i Sløvåg. Målet var å vidareføre arbeidet til eit hovudprosjekt i 2022, dessverre fekk ein ikkje vidareført støtte frå RFF Vestland i denne omgang, men det kan sjå ut som ein får grønt lys ved neste utdeling. GMU ser det som nyttig å delta i relevante forskingsprosjekt der ein kan bidra til å kople forskingsinstitusjonar med lokalt næringsliv.

GMU har hatt behov for å revidere strategiplan, og har gjennom siste halvanna året lagt ned mykje arbeid knytt til denne. Uavklarte spørsmål kring eigarsituasjonen har gjort det utfordrande å legge ein langsiktig plan, og ein enda opp med å vedta ein plan med nokre atterhald og noko kortare tidsperspektiv enn planlagt, vedteken i styremøte 14.12.22.

Det er god aktivitet i lokalt næringsliv, og trass usikkerheit knytt til makroøkonomiske forhold, er utsiktene til jobbskaping lokalt dei neste åra solide. I dette biletet utgjer verksemdene kring Fensfjord-bassenget ein motor, men også i indre delar føreligg det planar om prosjekt som vil gje nye arbeidsplassar. Ei utfordring for realiseringa av fleire av desse planane er i midlertid knytt til infrastruktur. Kraftforsyning, betre vegar, Masfjordbru og hyppigare ferjeavgangar er saker der trykket må oppretthaldast dersom ein skal sikre etableringar og tilhøyrande busetjing lokalt.

Arbeidsløysa i Gulen og Masfjorden er svært låg. Liten arbeidskraftreserve gir lokalt næringsliv utfordringar ved rekruttering til nye stillingar, dette blir i dag løyst ved innpendling frå heile Nordhordlandsregionen. Med kunnskap om planlagde arbeidsplassar vil arbeid knytt til rekruttering og profilering av lokale mogelegheiter for å bu, -arbeide og leve vere ei viktig oppgåve framover.



Innbyggjartalet i regionen har vore svakt fallande gjennom fleire år, når det likevel viser ein svak auke i 2022 skuldast dette ukrainske flyktningar. Folketalsauke er eit langsiktig arbeid som krev samarbeid mellom mange aktørar, både offentlege og private. Utvikling av nye arbeidsplassar er i ein slik samanheng svært viktig, men må samstundes følgjast opp med bustadmogelegheiter og tenestetilbod lokalt.

GMU er lokalisert i Gulen industrihamn, i tillegg til kontorplass på Matre.

Dagleg leiar opplever at ein har god oversikt over næringsliv, nettverk og region og tilsvarande har næringslivet god kunnskap om kva GMU kan bidra med. Bedrifter frå heile regionen nyttar GMU aktivt ved utvikling og nyetableringar, som sparring partner og som praktisk tilretteleggjar. Dette gjer oss trygge på at det er fornuftig å bruke ressursar på ei teneste der terskelen for å ta kontakt er låg.

Ragnhild Undertun,
Dagleg leiar
18.04.2023



STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2022.

Føremål og lokalisering

Gulen og Masfjorden Utvikling as (GMU) er eit næringsutviklingsselskap for Gulen og Masfjorden kommunar, lokalisert til Vidsyn, Sløvåg i Gulen kommune.

Selskapet sitt føremål er å legge til rette for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden. Selskapet skal vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar og elles medverke til etablering av lønsamme arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere ein pådrivar for at næringslivet får ei god kunnskaps – og teknologisk utvikling.

Drift og utvikling.

GMU er kommunane si førstelineteneste for næringsutvikling i regionen. Verksemda sin forretningsplan, saman med arbeids- og aktivitetsplan for året er styrande for dagleg leiar sitt arbeid. Styret har hatt 5 styremøte i 2022.

Styret og dagleg leiar stadfestar at føresetnad for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen for 2022 er sett opp under denne føresetnaden. Selskapet sine eigedelar består av likvide midlar, samt eigarpost og ansvarleg lån til Sløvåg Næringsbygg AS.

GMU finansierer drifta ved tilskot frå eigarkommunane Gulen og Masfjorden, dette gir ro rundt økonomien sjølv om det ikkje inviterer til overflod og drifta er nøktern. Reforhandling av løn og ekstraordinære utgifter knytt til strategiarbeid medfører eit noko høgare driftsunderskot enn budsjettert. Betalte tenester utgjer ein liten del av inntektene i GMU, men er viktige å halde på dagens nivå mot. moms. Driftsinntektene for 2022 er høgare enn tidlegare år, men mykje uro i finansmarknadane gjennom store delar av året gir eit større verditap knytt til fondsmidlar, og såleis eit negativt resultat for 2022 på kr. 630 457,-. Underskotet blir dekket av tidlegare opptent eigenkapital.

Sal av tenester har vore om lag som budsjettert der karrieremessa på hausten utgjer den viktigaste inntekta. For ei offentleg finansiert verksemd er det ein balansegang å auke salsinntektene utan å gå andre private verksemdar i næringa. For eit offentleg næringsutviklingsselskap bør heller ikkje maksimering av inntektene vere hovudfokus då dette vil kunne gå på kostnad av langsiktig utviklingsarbeid.

Utsiktene for vidare drift blir sett på som gode.



Arbeidsmiljø, likestilling og påverknad på det ytre miljø.

Selskapet hadde i 2021 ei fast stilling ved dagleg leiar Ragnhild Undertun. I styret er det 3 kvinner og 4 menn. Arbeidsmiljøet er godt og det førekjem ikkje diskriminering. Verksemda ureinar ikkje det ytre miljø.

Sløvåg, 14.04.2023

.....
Hallvard Oppedal, styreleiar

.....
Karstein Totland, nestleiar

.....
Beate Slettemark Korsøen

.....
Marte Hatlevik

.....
Karl Vågstøl

.....
Sigmund Holmaas

.....
Lina Braanaas Utne

.....
Ragnhild Undertun, dagleg leiar